



Villanger & Sønner AS
Kvassnesvegen 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar: Rune Kristoffersen
Vår: 14/7076 - 15/8508

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.04.2015

Revidert ferdigattest - gbnr 185/290 Isdal - Bustad

Administrativt vedtak. Saknr: 132/15

Tidlegare tiltakshavar: Mads H. Sætre Ellingsen, 5911 Alversund
Ny heimelshavar/tiltakshavar: Kurt Arne og Solbjørg V. Natås
Ansvarleg søkjar: Villanger & Sønner AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.11.2009 (rammeløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.10.2014.

Revisjon

Vi vart per telefon 15.04.15, med ansvarleg søkjar, gjort merksam på at ferdigattest datert 29.10.2014 innheld feil med omsyn til tal røykløp i bustaden, ferdigattest skildrar 1 røykløp i bustaden, rett tal røykløp skal vere 2.

Teikningar lagt til grunn ved godkjenning av bustaden syner 2 røykløp, det same gjer «as built»- teikningar ved søknad om ferdigattest. Tal røykløp vert retta frå 1 til 2 røykløp.

Skildring

Adresse:	Orresteinen 4 A og B
Bygningstiltak:	Bustad med to husvære
Bygningsnummer:	300103715
Bruksareal:	254m ²
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	2



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad med to husvære på gnr. 185, bnr. 290.

Bygningen eller deler av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7076

Med helsing

Tor Hegle
Einingsleiar byggesak

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ferdigattest - gbnr 185290 Isdal - bustad

Kopi til:

Kurt Arne og Solbjørg V. Natås	Orrestein 4 A	5916	ISDALSTØ
--------------------------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS	Kvassnesvegen 45	5914	ISDALSTØ
-----------------------	------------------	------	----------